Referat frå foreldremøte

Onsdag 25.8.2021 kl. 18. Horpestad skule, i klasserommet.

Med på møte: Magnhild, Stian H., Bergliot, Elisabeth, Karina, Stian Ø., Kristin, Lars, Anita, Elin, Brit Olene, Belinda, Ann Bergitte, Åse Kristine, Rune

Referent: Rune

Saker:

- Litt om oppstarten og korleis me har det på 1. trinn
    - Flott gjeng og god oppstart
    - Møtes kl. 08:10 utanfor fram til det ringer inn
    - Helsar ved inngang. Barna kan velje forskjellige måtar å helsa på
    - Startar dagen med «Good morning» song, øver på kva dag det er
    - Ungane er klare for mat ganske tidleg
    - Alle har ein friminuttven, bytter kvar veke, rullerer slik at alle får vært med alle
    - Friminutt med fadderne av og til
    - Alle er raske med å koma inn når det ringer
    - Skifteklede vil bli lagt i ein pose om det må bytast
    - Fint å ha innesko som er lette å ta på
    - Skulefrukt, ring evt Evy om det er noko som ikkje stemmer. Snakk med barna om skulefrukt ordninga
    - Visma – Min skole appen må tas i bruk
    - Viktig å gje beskjed ved sjukdom eller om man er forsinka
- Ipad
    - Viser til Redd Barna nettvettregler
    - Får iPad tysdag 31.8.2021
    - Leselekse på iPad
    - Ber om underskrift frå foreldra om bruk/utlån av iPad, oppbevaring i etui, alltid lada ved skulestart, oppdater bretta
    - Bruk kun tildelt Apple-bruker. Det er kun eleven sin iPad, andre skal ikkje nytta den.
    - Viktig å lære barna at man ikkje skal ta bilete av andre med mindre man har fått lov
    - Bilete blir sletta om det blir for mange/fult
    - Brukarnamn står på bretta
- Satsingsområder i ny læreplan
    - Praktisk og kritisk tenking, kunne begrunna sine val
    - Inkluderande skulemiljø. Oppleva inkludering (friminuttven, fadderne, …)
    - Heimesida til 1. klasse, organisering
    - Plan for trygt skulemiljø, link til «Trygt skulemiljø på Horpestad skule»
    - Anbefaler «Abonner på nyheiter» (må settast opp kvart år)
- Fag og lekser
- Norskfaget og leseopplæring
    - Lærer to bokstavar i veka
    - Kan skilja konsonantar og vokalar
    - Artikulasjonskort blir brukt

    - Bokstavkongen (forteljing)
    - Leseark, viktig å lesa med bokstavlyden, staving, enkle ord, prøv å dra bokstavane saman
- Matematikk
    - Linjeform, telja framlengs og baklengs
    - Salaby kjem etter kvart
- Engelsk
    - Munnleg fag
- Eventuelt
    - Klasseliste blei sendt rundt slik at dei som ynskja det kunne skrive seg på
    - Vennegruppe er ønsket. Magnhild deler inn. Den som inviterer vel dag og man prøver å få det til, invitasjonar kan sendes i mappa eller på FB-gruppa. Vanleg med 1,5-2 timer.
    - Hausttur blir arrangert av foreldrekontaktane. Salteskogen torsdag 23.9.2021 kl. 17:30-19:00. Søsken kan vera med, med mindre det kjem koronarestriksjonar vi ikkje kjenner til nå. Det kjem info på FB.
    - Vårtur blir arrangert av foreldrekontaktane. Tur frå Orre friluftshus til dagmerke på Revtangen, ca. 5 km totalt, fram og tilbake. Sundag 24.4.2022 kl. 12:00. Det kjem info på FB.
- Uteskule
    - 1-4 klasse, fire fredagar, det vil snart bli sendt ut eit informasjonsark
    - Viktig med godt med klede, mat og drikke
    - Uteskule er vanlegvis fire gonger på hausten og fire gonger på våren